

Statuttar - Medaljen for lang og tro teneste

Gjeld frå 1. januar 2014

Medaljen for lang og tro teneste vart innstifta av Det Kongelige Selskap for Norges Vel i 1888. Det er ei påskjøning til særleg fortente arbeidstakarar med minst 30 års tilsetjing hos same arbeidsgivar. Medaljen vert tildelt av direksjonen i Det Kongelige Selskap for Norges Vel.

Medaljen er i sølv og har ein grad.

I Kriteria for tildeling

1. Medaljen for lang og tro teneste kan tildelast alle arbeidstakarar som er tilsette i verksemd registrert i Noreg.
2. Arbeidstakaren må ha vore i teneste hos same arbeidsgivar/arbeidsgivargruppe i minst 30 år. Medaljen kan også tildelast pensjonerte arbeidstakarar. Kravet om 30 års tilsetjing før pensjonering må oppfyllest.
3. Arbeidstakaren må heile tida ha hatt eit uklanderleg arbeidsforhold.
4. Arbeidstakaren kan ha ein eigardel på inntil 33 prosent i bedrifta.
5. Følgjande kan ikkje tildelast Medaljen for lang og tro teneste:
 - Embetsmenn
 - Personar som tidlegare har fått Medaljen for lang og tro teneste
 - Medaljen for lang og tro teneste kan ikkje tildelast post mortem. Dersom dødsfallet skjer etter at søknaden er innvilga, men før utdelinga, kan Medaljen utleverast til arvingane dersom arbeidsgivar/søklar ønskjer det.

II Definisjonar

1. *Arbeidsgivar* er å forstå som den eininga som har det juridiske ansvaret for personen som arbeidstaker.
Same arbeidsgivar/arbeidsgivargruppe/same arbeidsstad er å forstå slik:

Privat verksemd:

- Ved fusjonar gjeld tilsetjing i eit av dei inn-fusjonerte selskapa som teljande tid.
- Ved oppkjøp er også tilsetjingstid i den oppkjøpte verksemda teljande.
- Går verksemda over frå offentleg til privat, er tida frå offentleg verksemd teljande.
- I konsern gjeld tilsetjing i ulike selskap i konsernet som teljande år.

Offentleg verksemd:

- *Same arbeidsgivar* er å forstå som same kommune eller fylkeskommune. Ved samanslåing gjeld også tilsetjingstid før samanslåinga.
- *Same arbeidsgivar i staten* er å forstå som same departement, same institusjon, same etat eller same bedrift.

2. Når det gjeld kravet om 30 års tilsetjing, er dette å forstå slik:

- Utgangpunktet er 30 års samla teneste. Opphald i tilsetjingsforholdet godtakast.
- Permisjonar (lønna og ulønna) gitt av arbeidsgivar vert rekna med i tilsetjingstida.
- Stillinga må ha vore minst 50 prosent.
- Faste deltidstillingar med stillingsprosent under 50 kan godkjennast når stillinga ikke er større.

Dersom den som er tildelt Medaljen for lang og tro teneste seinare vert funnen uverdig til å bera Medaljen, kan direksjonen i Norges Vel etter vedtak trekkja Medaljen tilbake.

III Søknad

Det er vanlegvis arbeidsgivar som søker om tildeling av Medaljen. Søknadsskjema kan hentast frå heimesidene våre eller sendast ut ved førespurnad.

Arbeidsgivaren skal godtgjera at den det vert søkt om tildeling for, oppfyller krava som Norges Vel stiller for tildeling av Medaljen for lang og tro teneste. Søknaden skal vera underteikna av to personar på vegner av søker. Når det gjeld familie eller andre nære forhold mellom søker og mottakar, må søknaden signeras av minst ein som ikkje er i nær familie med mottakar i samsvar med vanlige habilitetsregler.

IV Klagegang

Direksjonen i Norges Vel kan endra desse statuttane, eller i spesielle høve gjera unntak. Dette gir høve til å klaga på eit avslag frå administrasjonen. Direksjonen tolkar statuttane med endeleg verknad.

Annet

Behandlingstida er 1-2 månader.
Arbeidsgivar/søker dekkjer kostnadene ved Medaljen.
Medaljen er mottakaren sin eigedom.

Beskriving av Medaljen

Medaljen vert prega i sølv. Han har ein diameter på 31 millimeter. Forsida viser ein sitjande kvinnefigur som overrekkjer ein laurbærkrans. På baksida vert namnet til mottakaren og årstalet for tildelinga inngravert.
Medaljen er utstyrt med eit nasjonalfarga band på grøn botn. Diplom og eit jakkemerke, samt eit stativ for å stille ut Medaljen følgjer også med. Alt er samla i eit etui.

Det Kongelige Selskap for Norges Vel kan, dersom det er ønskjeleg, skaffa Medaljen for lang og tro teneste i miniatyr (diameter 17 millimeter) til personar som har fått Medaljen.

Det Kongelige Selskap for Norges Vel
Postboks 115, 2026 Skjetten
tlf.: 64 83 20 00
faks: 64 83 20 01
e-post: norgesvel@norgesvel.no
web-adresse: <http://www.medaljen.no>